



«MottakerNavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«UtlandsAdresse»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Saksnummer	Dykkar ref.	Dato
Mette Hjelmeland	996 400 64	2022/4578	«REF»	27.07.2022

DELINGSLØYVE – delegert vedtak

Eigar/søkjar:	Roald Øyerhamn
Deling frå gnr/bnr:	163/1 og 163/4
Frådelt parsell skal nyttast til:	Tilleggsareal til 163/14 og 163/15
Kjøpar av parsellen:	Mowi ASA

Delegert vedtaksnr.: 2022/378

Med heimel i plan- og bygningslova (PBL) §§ 20-4 og 26-1 vert søknad journalført 25.08.2020 og tilhøyrande situasjonsplan og avtalar, godkjent. Det er gjeve dispensasjon til tiltaket i sak 2022/2606, vedtaksnummer 2022/316

Vilkår:



1. Veggrunn, (172/65) med sine eigedomsgrenser, vert liggjande som den er. Ved eventuell flytting av veg, lyt det haldast ny oppmålingsforretning mellom det samla gnr/bnr til Mowi og Kvinnherad kommune, som grunneigar av veg.

Det kan haldast oppmålingsforretning når fristen for klage er gått ut.

Løyyet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, etter denne tid fell løyyet bort. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyyet, må det søkjast om endring av løyyve. Dette løyyet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og pbl § 1-9. Klagefristen er 3 veker i frå løyyet vert motteke.


Grunnlag for løyvet

- Dispensasjon: Det er gjeve dispensasjon til tiltaket i sak 2022/2606, vedtaksnummer 2022/316.
- Arealstatus: Den omsøkte arealbruken er i samsvar med reguleringsplan med planident 20120010.
- Nabovarsel: Naboar og gjenbuarar er lovleg varsla. Det ligg ikkje føre protestar. Berre Kvinnherad kommune er naboar (Kommunal veg). Dei er orientert om saka og får kopi av vedtaket.
- Tilkomst: jf. PBL § 27-4
- Avløp: jf. PBL §27-2
- Vassforsyning: jf. PBL §27-1



Grunneigar (163/1 og 163/4) Roald Øyerhamn, samt festar og kjøpar av tilleggsarealet Mowi ASA, ønsker å samle alt arealet innanfor godkjent reguleringsplan på eitt gnr/bnr. Pr i dag festar Mowi gnr/bnr 163/14 og 163/15. Grunneigar er Roald Øyerhamn. 163/14 og 163/15 er på kartutsnittet over vist med rosa areal. Den kommunale eigedomen (vegen), som delvis går gjennom feltet, er vist med blått. Yttergrense for feltet er vist med raud linje.

Oppmålingsforretning kan gjennomførast etter klagefristen på vedtaket gått ut. Forretninga kan nok gjennomførast som arealoverføringar mellom 163/4 og 163/1, og mellom 163/1 og 163/14. 163/15 kan deretter samanslåast med 163/14. 163/14 vert ståande igjen som eitt samla gnr/bnr for alt areal innafør regulert område, forutan kommunal veggrunn – 172/65



Merknader

- Rekning for behandlingsgebyr ifølge vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå økonomikontoret til søker.

Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: **www.dibk.no**

For kommundirektøren i Kvinnherad

Mette Hjelmeland
Fagkoordinator geodata

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Kopi til:

Referatsak forvaltningsutvalet
Mowi ASA
Kvinnherad kommune